

## **Sandøy Vindkraft 10 år.**

**10. desember 2009 er det 10 år sidan alle dei 5 vindmøllene på Harøya kom i drift.**

**10 års jubileet vil vi markere med eit 8 meter høgt lysjuletre på Lisje-Harøyburet den 10. desember 2009 kl. 18.00.**

**Om konstruksjonen ikkje er grøn, så er i alle fall lysenergien grøn!**



**Alle som ønsker å ta del i markeringa oppe på Lisje-Harøyburet er hjarteleg velkomne. Alle frammøtte vil vere med på ei loddtrekning på pakkane som blir lagt under lysjuletreet.**

*Flott utsikt frå toppen av vindmøllene.*



**Etter 10 års drift kan Sandøy Vindkraft AS oppsummerast slik:**

- ☺ **Det er produsert 91 million kWh. (kilowattimar).**
- ☺ **Normalt blir det rekna med at kraftsystemet blir balansert mot kolkraft. Slik sett har Sandøy Vindkraft spart miljøet for 100 tusen tonn CO2.**
- ☺ **100 tusen tonn CO2 tilsvarer årsutsleppet til 55.500 bilar (12.000 km/år).**
- ☺ **Sandøy Vindkraft produserer om lag 40% av kraftbehovet i Sandøy Kommune.**
- ☺ **Den historiske rekneskapan viser at vindmøllene har produsert for 30,2 mill. kr. Dette tilsvarer omtrent kostprisen på anlegget.**



⊗  
De  
i  
før  
ste  
år  
a  
sle  
it  
vi  
nd  
kr  
aft  
a  
me  
d

**mykje nedbør, milde vintrar, høgt**

**rentenivå og låge prisar. I tillegg var vindresursane dårlege. På det meste viste den historiske rekneskapen eit negativt resultat på heile 4,7 mill. kr.**

⊗ **I 2005 opplevde vi at vi måtte skifte ut alle gir. I 10-års perioden har vi i tillegg hatt havari på 2 generatorar, og at eit vingesett måtte takast ned for reperasjon etter lynnedslag.**

⊗ **Frå 1. januar 2004 fjerna Staten lovd støtteordning (produksjonsstøtte). Tapt støtte i perioden utgjer om lag 3 mill. kr., og vil beløpe seg til ca. 8 mill. kr. etter 20 år (nedskrivningstida).**

☺ **Dei 4 siste åra har rekneskapen vore positiv, og det negative resultatet er redusert til 1,1 mill kr.**

☺ **Ved normal drift i 2010 vil den historiske rekneskapen kome i balanse.**

☺ **Då sjåast vi på Lisje-Harøyburet 10. desember kl. 18.00.**

**Vi vil lyse opp alle**

**flotte smilefjes ☺**